



Det Kongelige Kultur-og kirkedepartement  
Postboks 8030 Dep

0030 OSLO

Kultur- og kirkedep.	Vår dato:
KU	22.03.2004
2004, 363 - 067	Vår referanse:
12u2	Deres dato:
2004, 363 - 067	Deres referanse:

Vår dato:  
22.03.2004

Vår referanse:  
200104177-5

Deres dato:

Deres referanse:

Arkivnr.:  
550.100

Org. nr.:  
964 982 053

## Høringsuttalelse - forslag om endring av lov om stadnamn

Høyringsnotatet inneholder mange vurderinger og forslag som det er lett å slutte seg til. Arkiv i Nordland /Stadnamnprosjektet noterer seg m.a. (s. 18) at "skrivemåte som blir fastsatt etter denne loven, skal ikke påvirke vitenskapelig arbeid med stedsnavn, navnesamlinger eller privat bruk av navnet". Det er greitt, for ikkje å seie sjølv sagt, men vi kjenner ei lita uro for at argumentet kan slå kontra: Det vil vere lite oppmuntrande om namneregistrering og namneforskning skal få lite å seie for namnerøkt og namnepraksis i framtida! I denne samanhengen undrar vi oss over merknaden "at arbeid med stedsnavn ikke er en eksakt og entydig disiplin", for kor mange humanistiske fag fortener den merkelappen?

At lova no vil definere kva som er meint med gjeldande rettskrivingsprinsipp og med gjeldande rettskriving er kanskje nyttig, men kombinerer ein det med ein lett marginaliserande merknad (s. 3) om "reine målføreformer av størst interesse for språkvitskapen", kan ein risikere overforenkling og få problem der meiningsa var den beste. Det er t.d. slett ikkje så enkelt som at kort vokal bør skrivast med ein vokal og to konsonantar i alle tilfelle: Det som i delar av Nordland lyder som **køl** [lang ø, tjukk l], blir lenger nord sagt **kåll**, til forveksling likt **koll(e)** for den som ikkje kjenner konsonant-systemet, men det er naturligvis problematisk å skrive «koll» for kol (karbon). Nordnorske former av det som i sørøstnorsk heiter **furu** er fårra, førra, eit ord som ikkje er normert i rettskrivinga, men det er tvilsamt at her trengst dobbel r meir enn der dei seier **furru** om furu. Oversyn og innsikt er nødvendig for dei som søker fornuftige kompromiss mellom reine målføreformer og full normering av stadnamn, og slik kunnskap bør bli verdsett litt meir enn det departementet gjer i merknadene til lovendringane.

Elles merkar vi oss at synsmåtane til eigar/festar blir tillagt vekt, samstundes som prinsippet er at namnet skal ha same skriftform i alle funksjonar og at synspunkta til eigar/festar skal ha vekt. Men sett at eigar/festar insisterer på ei skriveform som t.d. **Haugseth** (med h til slutt), noko ein juridisk sett ikkje har grunn til å motsette seg. Har bruksnamnet vore produktivt, risikerer ein sekundære skriveformer som Haugsethelva, Haugsethosen, Haugsethur(d)a. Lov og/eller forskrifter treng vere mykje tydelegare i så måte.

Høyringsdokumentet understrekar at stadnamna først og fremst er "adresser som hjelper oss å

orientere oss i omverdenen”, men ser ikkje det problematiske i at t.d. bruer og tunnellar automatisk blir påhengt namnelagingar på –tunnel(len) eller –broen/-brua: Den som køyrer inn på ei bru, forstår av seg sjølv at det er ei bru, det er namnet på sundet eller fjorden som er interessant og bør komme i fokus. Same sak med tunnellar. Er bruer og tunnellar utan vidare adresser?


Rundt om i Nordland fylke møter vi namneskilt som t.d. «Enghammerentunnel», «Reinhornheiatunnel», «Sandkollentunnel». Då verkar det nesten surrealistisk at høyringsdokumentet nemner “en hensiktsmessig skrivemåte på kart, skilt og i register” utan å evaluere ein praksis der namnekonsulenttenesta har vore kopla ut.

Det er allment kjent at somme klagesaker vedr. stadnamn kan versere i årevis og at det finst andre som burde ha vore tekne opp, men aldri kom så langt. Ut frå det er vi nøgde med at klagarar heretter må grunngje sin klage, evt. etter oppmoding om det (s. 13). Her har vi merknad til § 8: “Dersom det kjem inn nye opplysningar i saka, kan saka takast opp på ny av ein av dei som er nemnde i § 5, bokstav a – d”. Men i saker der kommunen har gjort namnevedtak, vil klageretten til bli illusorisk når kommunen er ikkje er pålagt å grunngje *sine* vedtak! Dess grundigare klagaren har argumentert, dess større risiko for at kommunen avviser evt. ny klage med at ingen argument er *nye* – utan å prove at innhaldet i første klage er realitetsdrøfta.

Den sterke fokuseringa på bruksnamn i lovframlegget er elles eit tankekors, av di det overveldande fleirtalet av desse er reine *dokumentnamn*, ukjende i dagleg tale. Fokuseringa på desse stiller i skuggen alle dei namna i levande uttaletradisjon som ikkje står i grunnboka, men som gjennomgåande er mykje eldre og meir varierte og i langt høgare grad er kulturerberande og identitetsskapande.

Eit anna tankekors er prinsippet at dine innvendingar berre blir tillagt vekt dersom du er eigar av bruket. Har du velgrunna innvendingar i ei namnesak som vedkjem deg som borgar av lokalsamfunnet og av di du kjenner lokal namneskikk, men er ikkje eigar, kan du derimot berre klage om du får ein samskipnad med deg i saka.

Stadnamn er felles eige, og eigar/festar sine individuelle namneprefersansar må av innlysande grunnar ikkje føre til “harmonisering” av fellesskapet sine namn med ei så ullen grunngjeving at det er praktisk og hensiktsmessig, for då er med eitt slag omsynet til privat eigedom overordna omsynet til kulturminne, lokalhistorie og identitet.

Med hilsen  
  
Stig Olsen  
Fylkeskultursjef

Saksbehandler: Finn Myrvang, Arkiv i Nordland

Kopi: Fylkesrådet